

# HARAM KOMMUNE

## Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	04.04.2011	035/11	Elin A. Moen

Avgjerd av: Formannskapet	Arkiv: 223	Arkivsaknr 08/1615
---------------------------	---------------	-----------------------

### Sunnmøre Kriesesenter. Driftsavtale og oppnemning til samarbeidsutval

#### Framlegg frå Rådmannen:

Haram formannskap godkjenner samarbeidsavtalen om drift av Ålesund og omegn kriesesenter slik den er vedlagt.

Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å oppnemne representant med vara til samarbeidsutvalet, og å fastsette funksjonstid.

#### Behandling i Formannskapet den 04.04.2011:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FS-035/11 Vedtak:

Haram formannskap godkjenner samarbeidsavtalen om drift av Ålesund og omegn kriesesenter slik den er vedlagt.

Formannskapet gir rådmannen fullmakt til å oppnemne representant med vara til samarbeidsutvalet, og å fastsette funksjonstid.

#### Vedlegg:

Underskriven samarbeidsavtale  
VS: Kriesesenter for Sunnmøre

#### Saksutgreiing:

Haram kommunestyre gjorde i møte 28.10.10, k.sak 71/10 slikt vedtak:

- Haram kommunestyre vedtek at Haram kommune inngår samarbeidsavtale med Ålesund kommune om kjøp av tenester når det gjeld kriesesentertilbod for kvinner og menn f.o.m. 01.01.2011 under føresetnad av at dei fleste andre sunnmørskommunane også inngår slik avtale. Driftsutgiftene vert innarbeidd i budsjettet for 2011.*
- Formannskapet får fullmakt til å godkjenne driftsavtalen.*

**Vurdering:**

Avtalen vert no lagt fram for formannskapet til godkjenning. Rådmannen har signert avtalen.

Kommunen har fått melding om at det etter pkt. 9 i avtalen skal oppnemnast ein representant med varamedlem frå kvar av kommunane til eit samarbeidsutval.

Det vert tilrådd at rådmannen får fullmakt til å oppnemne ein administrativ representant frå kommunen til dette utvalet, og å fastsette funksjonstida.